

NYHEITSBREV – Vestfold og Telemark



Målgruppe: Kommunane og andre samarbeidspartar i fylket.
Utgjevar: Regionalt støtteapparat v/ Statsforvaltaren, KS, USHT og fylkeskommunen.
Kontakt: Elisabeth Holte fmteeho@statsforvalteren.no Mob: 99169716

Nr. 2- Juni 2021

Informasjon om Leve heile livet

Leve heile livet-reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Reforma handlar om korleis vi kan utvikle helse- og omsorgstenestene og skape eit meir aldersvenleg og berekraftig samfunn.

Nyheitsbrevet sendast til kontaktpersonane i kommunane, som formidlar brevet i eigen kommune. Brevet er i tillegg lagt ut på Statsforvaltaren si [nettside](#).

Viktige datoar!

- **30. september 12.00 – 15.00:** Regionalt støttenettverk arrangerer digitalt nettverksmøte for kontaktpersonane for Leve heile livet i Vestfold og Telemark.
- **1. november:** Senteret for eit aldersvennlig Norge inviterer til nasjonal konferanse med tema «samarbeid og partnerskap innan aldersvennleg utvikling».
- **17. november:** Årets Leve heile livet-konferanse med utdeling av Leve heile livet-prisen. Informasjon kjem i august. Helsedirektoratet er arrangør.
- **November:** Fylkeskommunen sitt plannettverk for kommunane
- **2. desember:** Fysisk heildagssamling for kommunane i Vestfold og Telemark

Læringsnettverket «Gode pasientforløp»

Kommunane og Sjukehuset i Vestfold deltok 2. og 3. juni på si andre samling i Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp i regi av KS og FHI. Til hausten er tilsvarande læringsnettverk planlagt for kommunane i Øvre Telemark og STHF-Notodden. Meir om «Gode pasientforløp» kan dykk lese her: <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/>

Eldre ut på middag

Statsforvaltaren har delt ut 2,7 mill. kroner i tilskotsordninga *Eldre ut på middag*. Kommunane har satt i verk ulike opplegg for å arrangere hyggelege middagar for eldre.

På bildet ser vi ein av middagane for eldre i Nissedal kommune, arrangert av Nissedal frivilligsentral.



Dei eldre spiste deilig middag frå Gjestegiveriet og fekk fantastisk musikalsk underholdning av Hans Inge og Merete Fagervik. Frivillige frå Frivilligsentralen hjalp til, og mange gode samtaler fant sted.

Oppstart av «ABC for Eldreomsorga»

USHT- Vestfold startar opp med fleire ABC- opplæringar frå hausten 2021. Permane i Eldreomsorga si ABC gjev auka kunnskap om aldringsprosessar. Eldreomsorga si ABC gjer det mogeleg til å fordjupe seg i geriatri, funksjonshemming og psykiske sjukdomar. Permane som startar opp no i haust er: Demens 1, Geriatri og Aldring og helse. ABC opplæringa er for helsepersonell i kommunane. Kontaktperson i USHT-Vestfold er [Henriette Ruud](#).

Medverking frå innbyggjarar

Ein av nøkkelfaktorane for å lykkast med aldersvennleg utvikling er å involvere innbyggjarane. Men korleis jobbar kommunane med medverking i desse koronatider? Les meir om medverking på nettsida til [Senteret for aldersvennleg samfunn](#).

Gjekk du glipp av Leve heile livet-samlingane?

Her finner du lenke dei digitale, nasjonale konferansane.

KS - Digital erfaringskonferanse 26. mai 2021: [Lære av hverandre - Dele med hverandre](#). Vestfold og Telemark var godt representert på samlinga. Ordførar i Sandefjord deltok, og vi fekk flotte presentasjonar frå arbeidet i Nome, Midt-Telemark og Vinje.

Helse- og omsorgsdepartementet og Helsedirektoratet. 2. juni 2021: Om Leve heile livet og nye nasjonale satsingar: Korleis møter vi utfordringane i framtida? [Leve heile livet 2021 - Heim \(berg-hansen.no\)](#)

Matgledekorpsset og Tannhelsetenesta

Matgledekorpsset i Vestfold og Telemark, som landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren organiserer, har etablert eit samarbeid med Tannhelsetenesta i Vestfold og Telemark fylkeskommune

Det arbeidast nå med å lage ein plan om korleis auke kunnskapen og forståinga om kor viktig god tannhelse er, og viktigheita av å gje bebuarane mat som er tilpassa deira tannstatus. Tettare samarbeid mellom kjøkken og pleie er ein av faktorane. Meir informasjon kjem til hausten.

Ressursar som kan vere til hjelp i arbeidet med Leve heile livet:

- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sin [Leve heile livet-side](#)
- Meld. St. 15 (2017-2018), Leve heile livet – ei kvalitetsreform for eldre: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>
- Leve heile livet-handboka (Helse- og omsorgsdepartementet): <https://www.helsedirektoratet.no/tema/leve-hele-livetkvalitetsreformen-for-eldre>
- Helsedirektoratet si nettside for Leve hele livet: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/leve-hele-livetkvalitetsreformen-for-eldre>
- USHT si Leve heile livet-side: <https://leveheilelivet.utviklingssenter.no/>
- KS si Leve heile livet-side: <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/leve-hele-livet--ensatsing-for-eldre/>
- Senteret for eit aldersvennleg Norge: www.aldersvennlig.no
- www.planleggelitt.no
- www.omsorgsbiblioteket.no
- www.omsorgsforskning.no